

# Ordskipfte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA  
ordskipfte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Et problem må løses, mens en utfordring må tas eller ikke tas.»

## Klimapolitikk til fordel for deg og meg

**KLIMA**  
**BÅRD VEGAR SOLHJELL**  
**SON**

Regjeringa har lagt fram ei offensiv klimamelding som eg er stolt av. Ho har ei lang rekkje tiltak som vil betre kvardagslivet for deg og meg og samtidig få ned klimagassutsleppa.

Derfor er det vanskeleg for meg å forstå kvifor leiarskrubenten i Dag og Tid 27. april er så pessimistisk. Dag og Tid meiner klimameldinga manglar konkrete tiltak, men seier samtidig at gode klimatiltak har så mange utilsikta konsekvensar at dei er svært vanskelege å få til i praksis.

Eg har eit grunnleggjande mykje meir positivt syn på klimatiltak. Dei fleste klimatiltaka i meldinga gjev betre liv for folk flest. Vi vil få betre hus med lågare strømkning, betre kollektivtransport som går oftare, fleire og betre sykkelveggar og framtidsette grøne arbeidsplassar.

Nokre av dei viktigaste tiltaka er eit nytt klima- og energifond, auka CO<sub>2</sub>-avgift på sokkelen og satsing på kollektivtrafikk. Veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtran-

sport, sykkel og gange. Dette er eit svært ambisiøst mål. Investeringane i jernbanen skal aukast. I samband med Nasjonal transportplan vil regjeringa leggje fram ein framdriftsplan for utbygging av Intercity-tog i det sentrale austlandsområdet. Høgare CO<sub>2</sub>-avgift og andre tiltak vil gjere det meir attraktivt å elektrifisere sokkelen.

Alt dette er tiltak som vil bidra til å få ned klimagassutsleppa i Noreg innan 2020 og seinare. Klimamåla frå forliket i 2008 ligg fast.

Dag og Tid er tvilande til om det nyttar å gå i førevegen med nasjonale kutt i håp om at andre land følgjer etter. Eg er ein varm tilhengjar av ein global klimaavtale der alle land er med, med ein pris på karbon som gjer det lønsamt å utvikle teknologi som reduserer utsleppa.

Men det er ikkje slik at den perfekte klimaavtalen kjem først og den ambisiøse nasjonale klimapolitikken kjem etterpå. Vi må gjere begge delar. Løysingar kjem ofte gjennom stykkevis framsteg der enkeltland eller grupper av land går føre.


På klimaområdet har Noreg gått føre med idear som har

spreidd seg. Det norske klima- og skoginitiativet var eit gjenombrot i klimaforhandlingane. Noreg vil framleis vere ein internasjonal pådrivar.

Vi skal gjennomføre omfattande klimatiltak i Noreg for å dra med oss andre og skape tiltak, men også fordi vi har stor eigeninteresse av det. Det er framtidsette å satse på fornybare energikjelder og energieffektivisering tidleg, ikkje

vente på den perfekte globale klimaavtalen. Dette har til dømes Kina skjona. Dei er i full gang med nasjonale klimatiltak, mellom anna fordi dei merkar konsekvensane av den globale oppvarminga mykje hardare enn vi gjer i Noreg. Vi snakkar ikkje om symbolpolitikk, vi snakkar om harde realitetar og svar på store utfordringar.

Bård Vegar Solhjell er miljøvernminister.



Slik forvrenging av sanninga blir kalla grønvasking.

Eit anna svakt punkt er trua på internasjonale tingingar etter modell av Kyoto-avtalen, som går ut i år og blir ein fiasko. For sidan han blei underskriven, har utsleppa i verda auka meir i året enn i tiåra før. Dei nasjonale måla er ikkje nådde, og dei fleksible mekanismene har heller ikkje fungert. Til dømes er prisen på kvotar i det europeiske systemet så låg at klimaeffekten er omtrent fráverande. Mekanisme er som skapte for korrupsjon og børshaiar, ikkje for å få ned utslepp. Det er ingen grunn til å tru at tingingar etter same leist vil føra fram. Det trengst betre idear – dei

finst og omfattar mellom anna regulering av utvinning av fossile drivstoff – men meldinga diskuterer dei ikkje.

Reduksjon av klimagassar er først og fremst eit moralsk spørsmål. Utan tvil er det forbruket til dei rike i verda som står for det aller meste av utsleppa. Dagens generasjon av vaksne har ansvaret. Det veit dei fleste, men likevel blir problema berre skovne vidare til barneborna våre. Kampen for å stabilisera klimaendringane kan liknast med kampen mot slaveriet og slavehandel. Den kampen blei vunnen fordi enkelte land gjekk i bresjen av moralske grunnar. No er det handel med fossile drivstoff som etter kvart må fasast ut.

## «New-speak»

**SPRÅK**  
**GERD HENNUM**  
**ASKER**

Ordet «hendelse» blir nå brukt mer og mer i den offentlige samtale enten det gjelder små uhell eller tragiske ulykker og katastrofer – ja, til og med masse mordet på Utøya er blitt omtalt som en «hendelse» i mediene, blant annet av en forhenværende statsråd så vel som en fremtredende representant for Politiet! Men en «hendelse» er en tilfeldig begivenhet, en «happening», som det heter på engelsk. Et svært upassende ord for Utøya-tragedien og andre ulykker.

Likeledes blir gjerne små som store problemer, enten de angår individ eller samfunn, omtalt som «utfordringer». Men problem og utfordring er forskjellige begreper: Et problem, som for eksempel en finanskriser, må løses, mens en utfordring må tas eller ikke tas, enten det gjelder å stille opp i debatt eller å stå til eksamen.

Hvorfor sniker slike eufemismer seg inn i språket? Er det for å dekke over og ufarliggjøre livets harde realiteter? Og hvordan – og hvorfor – har dette orwelliske «newspeak» trengt inn i mediene? Kan det skyldes at hæren av kommunikasjonsrådgivere som har invadert offentlige og private kontorer, hjelper politikere og andre «talking heads» med å sminke språket slik at problemer og tragedier gattes over og ansvarlige unngår å bli stilt til ansvar? Men når språk som er ment å tilsløre, lett kan avsløres, vil det – istedenfor å vekke tillit – skape skepsis, i verste fall forakt.

For å uttrykke oss og tenke nyansert trenger vi nyanser i språket – og motsatt: Ved å luke ut uønskede ord og forenkle språket innskrenkes evnen til individuell tenkning og tolkning. Når språket styres, styres tanken.

Konsensus er et nyttig redskap for dem som streber etter å beholde eller styrke sin makt. Det kan også være et lite skritt i retning av et totalitært samfunn. Den britiske forfatter George Orwell har skrevet interessant om dette i sin satiriske fremtidsroman 1984.

Ifølge George Orwells bok opptrer newspeak først i mediene og blir i begynnelsen bare benyttet av «spesialister». Men smitteeffekten er stor og i løpet av noen tiår vil newspeak være dagligtale, ifølge romanen.

## Meir klimapusleri

**KLIMA**  
**SIGBJØRN GRØNÅS**  
**OS**

Då Dag og Tid kommenterte klimameldinga (27. april), blei dette merkeleg nok gjort med eit intervju med økonomiprofessor ved Noregs handelshøgskule Rognvaldur Hannesson. Han fornekta menneskeskapte klimaendringar og meiner at verda ikkje treng nokon klimapolitikk. Han har skrivne at dersom han tek feil og verda skulle gå mot helvete, må vi berre syta for å reisa på første klasse. I intervjuet sa han sjølvsagt at klimatiltak berre er sløsing med pengar. Det vil han nok hevda så lenge han lever.

Klimameldinga treng kritikk, den på leiarplass i avisa same dag råkar svært godt. Her blir det hevda at meldinga legg opp til ein klimapolitikk prega av mangel på vilje. Økonomar kan hevda at nasjonal klima-

politikk utan internasjonale avtalar er nyttelaus. Spørsmålet er om landet vårt skal gå føre i trua på at andre vil følgja etter. Sidan meldinga ikkje heilt trur på ein slik kurs, finn leiaren ho lunken utan framlegg om tiltak som monar.

Meldinga er svak på fleire punkt; eitt er omtale av norsk klimapolitikk til no. Norske styresmakter har lenge visst at klimautsleppa må reduserast, i alle fall sidan Rio-konferansen i 1992. Utsleppa i 1990 er etter Kyoto-avtalen referansen effekt av tiltak skal målast mot. Då har utsleppa i landet auka, for CO<sub>2</sub> med meir enn 30 prosent. Når målet har vore reduksjon, er derfor politikken ikkje anna enn ein fiasko. Men meldinga veit korleis det skal trikxast med tal. Det blir som i den førre meldinga sett ein tenkt referanse, utslepp dersom ingen ting hadde blitt gjort. Då blir fiasko lett vendt til suksess.